



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

980 000 kroner til Lokal samfunnsutvikling i Rogaland

Rogaland fylkeskommune har som mål å gjera kommunane endå betre til å planleggje, mobilisere, samarbeide og gjennomføre utviklingsprosjekt. Dette skal gjerast gjennom å auke kunnskapen i kommunane og i fylkeskommunen om kva som medverkar til lokalsamfunnsutvikling.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Rogaland fylkeskommune skal gjennom tre case utvikle gode metodar og verkty for lokalsamfunnsutvikling. Dei skal:

- Arbeide med korleis ein får positive samfunnsmessige effektar av Lysefjorden som reisemål i heile Forsand kommune og i heile Ryfylke regionen.
- Å vitalisere tettstadane langs sjøvegen i Tysvær kommune.
- Utvikle metodar for korleis grendelaga i Finnøy kommune kan bli betre utviklingsaktørar i samfunnsutviklinga.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00